



Marås Grendalag  
Solendvegen 1  
5936 MANGER

Referansar:  
Dykkar:  
Vår: 16/411 - 16/14011

Saksbehandlar:  
Bente Kopperdal Hervik  
bente.kopperdal.hervik@radoy.kommune.no

Dato:  
07.11.2016

## Driftsmidlar kultur - avslag på søknad

Det er i budsjettet for Radøy kommune 2016 sett av 375 000 kroner i kulturmidlar. I samband med nye retningsliner for kulturmidlar vart desse splitta i kr 15 000 til «Tilskot til mindre investeringar i kulturbygg og -anlegg» og kr 360 000 til driftsmidlar til lag og organisasjonar. Av dei 360 000 som er sett av til driftsmidlar, skal andre lag og organisasjonar ha inntil 20 %, dvs inntil 72 000,-.

Dei nye retningslinene seier «*Kommunale kulturmidlar kan gjevast til lag, foreiningar og organisasjonar som har sitt virke i Radøy kommune. Regionale organisasjonar og fylkesorganisasjonar kan få tilskot dersom midlane vert øyremerkte verksemd i Radøy kommune, og det ikkje finst lag i kommunen som ivaretar denne aktiviteten. Det er då ein føresetnad at organisasjonen har medlemmer som er busette i Radøy kommune.*»

Dei nye retningslinene seier at born og unge, menneske med nedsett funksjonsevne og tiltak som fremjer integrering skal prioriterast. I tillegg vil tal medlemmer busett i Radøy kommune, aktivitetsnivå, inntekter/utgifter og om laget har medlemskontigent, verta lagt vekt. Det vert ikkje gjeve driftstilskot til lag som har som einaste formål å drifta lagshus.

På bakgrunn av dette har administrasjonen vedtatt følgjande fordeling av driftsmidlar:

Lag	Tilskot
Nordhordland Husflidslag	4000
Hella Bedehus	5000
Radøy sogelag	6000
Pinsemenigheten Betel	5000
Manger Bedehus	5000
Marås 4H	10000
Radøy lag for funksjonshemma	11500
RS Ung	9500
Keipane kystlag	6000
Radøy pensjonistlag	3000

Manger ungdomslag	7000
Marås grendalag	0
Kolstad krinslag	0
CISV Nordhordland	0
Manger Ving	0
<b>Til saman</b>	<b>72 000</b>

Marås grendalag har få aktivitetar utover det som gjeld drift av bygningen, og får difor avslag på søknad om driftsmidlar.

Vedtaket kan påklagast, jf. forvaltningslova § 28. Klagefristen er tre veker rekna frå det tidspunkt underretning om vedtaket kom fram til parten, jf. forvaltningslova § 29. Eventuell klage skal sendast til den instans som har fatta vedtaket i Radøy kommune.

Med helsing

Anne Dahle Austrheim  
leiar kultur- og sørvistorget

Bente Kopperdal Hervik  
rådgjevar kultur

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Mottakarar:**

Marås Grendalag

Solendvegen 1

5936

MANGER